
Vår referanse 2020/41291-2
Dato 10.03.2020

EIRIK VALLE
LUREVEGEN 698
5912 SEIM

Dispensasjon frå byggegrense - Fv. 5476 - Garasje - gnr 153 bnr 27 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune syner til søknad motteke 10.02.2020.

Vedtak:

Med heimel i veglova § 29 og 30 gir Vestland fylkeskommune dispensasjon frå byggegrense mot fv. 5476 på gnr. 153. bnr. 27 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjon:

Vestland fylkeskommune har etter ei samla vurdering funne å kunne gje dispensasjon frå byggegrense på følgjande vilkår:

1. Løyve gjeld i høve til føremålet som kjem fram av søknaden.
2. Garasjen skal plasserast slik det kjem fram av kart vedlagt søknaden (vedlagt), der minste avstand til vegmidte på fv.5476 skal vere 7 meter.
3. Ved bygging av ny garasje slik det er søkt om, må eksisterande garasje fjernast.
4. Dispensasjonen fell bort dersom ikkje tiltaket ikkje er starta innan tre - 3 - år frå dags dato.
5. Det er ikkje grunnlag for krav mot Vestland fylkeskommune på grunn av skade eller ulempe som følgje av at bygningsdelane ligg innanfor byggegrensa, med mindre det kan påvisast aktløyse frå Vestland fylkeskommune si side.
6. Dersom tiltaket oppførast i strid med vilkåra i denne dispensasjonen kan tiltaket krevjast fjerna med heimel i veglova si § 36 utan kostnader for Vestland fylkeskommune.
7. Det er eit vilkår for dispensasjonen at det eventuelt er gjeve naudsynt godkjenning frå kommunen.

Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve til veglova, og ikkje rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar.

Bakgrunn for vedtaket:

Byggegrensa skal ivareta omsynet til trafikktrygging, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved utviding av vegen og miljøet langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgntrafikk (ÅDT) er 900. Vegen er klassifisert til haldningsklasse grøn jf. «Rammeplan for med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region Vest, 2017-2020». Dette vil mellom anna seie at vegen har funksjon som lokalveg.

Området er ikkje regulert til anna føremål, og garasjen vil stå utanfor vegen si tryggleikssone. Ved å fjerne eksisterande garasje, vil ein kunne oppnå tilstrekkeleg svingradius i avkøyrsla.

Rett til å klage:

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på jamfør forvaltningslova §§ 28 - 36. Klagefrist er tre - 3 - veker frå vedtaket er mottatt. Ei eventuell klage skal sendast til Vestland fylkeskommune som sender over saka til klageinstansen.

Anna:

Vi oppmodar om at avkøyrsla vert utbetra i tråd med dagens krav til avkøyrslar. Dette gjeld i hovudsak utbetring av svingradius, og fjerning eller flytting av hekk for å betre sikta mot nord. Etter veglova § 43 er det eigar eller brukar av ein eigedom som er ansvarleg for vedlikehald av avkøyrslar til eigedomen. Sjå vedlegg om krav til utforming av avkøyrslar.

Med helsing

Hege Løtveit
Leiar

Linn Kathrin Bakke
overingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg:
Veglova, utdrag
Situasjonsplan
Klage på forvaltningsvedtak
Krav til utforming av avkøyrslar

Kopi til:
Alver kommune Postboks 4

Lov om vegar av (veglova) - utdrag

§ 29. Langs offentlig veg skal det vere byggegrenser fastsette med heimel i denne lova, dersom ikkje anna følgjer av arealdel av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningsloven. Byggegrensene skal ta vare på dei krava som ein må ha til vegsystemet og til trafikken og til miljøet på eigedom som grenser opp til vegen og medverke til å ta vare på miljøomsyn og andre samfunnsomsyn.

Byggegrensene skal gå i ein avstand på 50 meter frå riksveg og fylkesveg og 15 meter frå kommunal veg. For gang- og sykkelveg er avstanden 15 meter (anten vegen er riksveg, fylkesveg eller kommunal veg). Føresegnene i dette leddet gjeld dersom ikkje anna følgjer av føresegnene i tredje, fjerde og femte ledd. Avstanden skal reknast frå midtlina i høvevis kjørebanane, eller gang- og sykkelvegen. Har vegen åtskilte kjørebaner, eller er det tvil om kva som bør reknast for midtlina, avgjer vegstyremakta kva line avstanden skal reknast frå.

Departementet kan for særskilt fastsette riksvegstrekingar sette større eller mindre avstand enn den som er nemnt i andre ledd, likevel ikkje større enn 100 meter. For fylkesveg kan fylkeskommunen for særskilt fastsette strekingar sette ein større avstand enn den som er nemnt i andre ledd, likevel ikkje større enn 50 meter.

For fylkesveg kan fylkeskommunen for særskilt fastsett strekning sette byggegrensa til ein mindre avstand enn den som er nemnt i andre ledd, likevel ikkje mindre enn 15 meter.

Ved kryss i plan mellom

- 1) offentlege vegar,
- 2) offentlege vegar og andre vegar som er opne for allmen ferdsle,
- 3) offentlege vegar og jarnveg eller sporveg,

skal byggegrensa følgje den rette lina mellom punkt på midtlina åt vegane (jernbana, sporvegen) 60 meter frå skjeringspunktet åt midtlinene ved kryss med riksveg og fylkesveg og 40 meter frå skjeringspunktet ved andre kryss. I særskilde høve kan vegstyremakta fastsette ei anna byggegrense for det einskilte krysset. Høyrer dei kryssande vegane ikkje under same vegstyremakt, tar den høgste av desse styremaktene avgjerd i saka.

Før det blir tatt avgjerd etter tredje, fjerde eller femte ledd, skal vedkomande kommune få høve til å seie si meining. Eigiarane av dei eigedomar som vedtaket får verknad for, skal gis skriftlig melding om avgjerda.

Dei avstandane som er oppgitt i denne paragrafen, skal målast vassrett og i rett line.

§ 30. Utan særskilt løyve frå vegstyremakta kan byggverk, her òg laus kiosk, opplag eller anna større innretning ikkje plasserast innafor byggegrenser som er fastsette i eller med heimel i § 29.

Føresegnene i første ledd skal gjelde tilsvarande for vareramper, murar og liknande innretningar, for utsprengde og utgravne rom og for nettstasjonar og andre byggverk m.v. i tilknytning til leidningar som nemnde i § 32. Det same gjeld for gjerde som kan hindre fri sikt, dersom ikkje anna følgjer av §§ 44 flg.

Etter nærare føresegner som vegstyremaktene fastsett, kan skogsvirke plasserast ved offentlig veg.

§ 34. Når byggverk eller anna innretning som nemnt i §§ 30 eller 32 heilt eller delvis ligg eller er plassert i strid med denne lova eller med føresegner gitt med heimel i lova, må byggverket eller innretninga ikkje utan særskilt løyve frå vegstyremakta på nokon måte endrast slik at byggverket eller innretninga vert meir i strid med lova. Byggverket eller innretninga må heller ikkje utan slikt løyve takast i bruk til vesentlig anna føremål enn før.

§ 35. Blir byggverk eller anna innretning som nemnt i §§ 30, 32 eller 33 rive ned eller øydelagt ved brann eller på annan måte, anten heilt ut eller i så stor mon at reparasjon vil bli ei vesentleg oppattnying, må oppattbygging berre gjennomførast i samsvar med føresegnene i §§ 29, 30, 32 og 33.

§ 36. Blir byggverk eller anna innretning som nemnt i §§ 30 eller 32 plassert eller endra i strid med det som er fastsatt i eller med heimel i denne lova, kan vegstyremakta krevje at innretninga skal

takast bort, flyttast eller endrast. Den ansvarlege lyt då bere kostnaden, dersom han ikkje sjølv syte for å ta bort, flytte eller endre innretninga innan ein fastsett frist.

§ 38. Når arbeid med ein plan for offentleg veg er kome så langt at veglina kan visast i marka, kan vegstyremakta vedta at grunn som vil liggje innafor byggegrenser etter § 29, ikkje må byggast på eller nyttast på ein måte som vil kome i strid med lova her.


Når plan for offentleg veg er endeleg vedtatt, kan grunn som vil liggje innafor byggegrenser som er fastsette i eller med heimel i § 29, ikkje byggast på eller nyttast på ein måte som vil kome i strid med lova her.

Før det blir tatt avgjerd etter første ledd for riksveg eller fylkesveg, skal vedkomande kommune få høve til å uttale seg.

Er veglina ikkje endeleg vedtatt seinast 2 år - for stamveg seinast 10 år - etter at det er lagt ned forbod, fell forbodet bort. Vegstyremakta kan lenge fristen, men ikkje for meir enn 1 år om gongen.


(1) Sender (stempelt til forvaltningsorganet)	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)
(3) Mottakar (namn og adresse)	(2) Dato (4) Klageinstans
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Rett til å krevje grunningjeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunningjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunningjeving for fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunningjevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga <p>Klaga må underskrivast.</p> <p>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
Særlege opplysningar	

Krav til utforming av avkjørsle

PRINSIPPSKISSE

Tilsvarende sikt lengder som vist på teikninga må og gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovudvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovudvegen)

Med omsyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsona vere fritt for sikthinder høgre enn 0,5 m over hovudvegen sitt nivå

Krav til svingradius for avkjørsla :**Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:**